

Dovre Historielag, årsberetning for 2018

Styret:

Leiar : Merete Killi Moastuen
Nestleiar : Roy Ove Fjerdingby
Kasserer : Hans Rudiløkken
Sekretær : Lillian Fossum Olsen
Styremedlem: Else Hole Ulekleiv
Varamedlem: Melvin Rykhus

Fotoutvalg og bokutvalg:

Leiar : Ola Tovmo
Hans Martin Lie, Arne Åteigen, Gerd Jøndal, Gunnar Arne Løvlund, Jan Torgeir Lindsø

Redaktør "Dovrebygde":

Asbjørn Amble

Valgkomite:

Leiar: Ola Rindal
Magne Botten
Jorun Svendsgard

Revisorer:

Sverre Killi, Kjellaug Aasen

63 medlemmer har betalt kontigent for 2018.

Lagets aktivitet i 2018:

Vi har hatt årsmøte, der vi hadde kåseri ved Bjørn Wegge, 9 styremøter, og behandla 50 saker.

Vi deltok på «Kom deg ut dagen» i lag med Dovre idrettslag og Røde Kors 21. januar.

«Buer og burester i Dovre»: Ola Tovmo er redaktør for boka. Vi skal ha utgjeving hausten 2019. Gunvor Gauteplass og Merete har til nå samlet rundt 400 slike. Dette er registrert på heimesida vår under buer (dovrehistorielag.no). Nå ønsker vi at alle tek ein titt på denne sida og gjev oss tilbakemelding, både på si eiga bu og andre. Om

du vil ha hjelp til dette så tek du kontakt.

Viktig at dette blir gjort for at sluttproduktet skal bli riktig!

19. april hadde vi hyggedag på Fredheim, Dovrehallen. Vi spanderte lunsj fra Toftemo, og Ola Tovmo hadde med albumer med gamle bilder. Praten gjekk lett, og dei 50 frammøtte hadde ein triveleg dag.

24. mai arrangerte vi kåseri på Dovrehallen om Hans Børлие og Vidar Sandbekk. Marit Hovde og Jorun Svendsgard ordnet med kaffe og kringle til dei 35 frammøtte.

29. juni hadde vi medlemstur til Kongsvoll der vi gjekk i fjellhagen, og fekk lunsj og orientering innomhus etterpå. Så reiste vi til Villrein senteret på Hjerkinnd der vi fikk grei orientering, mykje spennande å sjå der. Vi var 10 stk på turen og vi kjørte privatbiler.

5. september var det visning av filmen om Sauerwein på Dombås kino, vi ga 10000 kr til arrangementet.

16. september hadde vi tur inn til «Storhuset» i Djupdalen. Vi gjekk inn frå Haverdalen, over Skortbekken der skoskift var godt å ha, drakk kaffe i «Storhuset», og gjekk lenger inn der vi fant eit «nytt» hus, spennende! Etter turen reiste vi til Haverdalssæter som hadde åpent berre for oss, der vi kjøpte oss kaffe og vaffel. Vi var 25 ivrige turgåere!

21. november inviterte vi til rååfisklag, og salg av «Dovrebygde 2018» på Toftemo. Det var ein triveleg kveld, Asbjørn Amble sa litt om årets bok, og Alf Eriksen sa litt om omkomne i fjellet. Noko vi skal jobbe vidare med framover. Takk til alle frammøtte. (ca 40 stk)

Stigprosjektet har vi gjort mykje arbeid på også i 2018. Skilta og dei store informasjonstavlene er kome opp. Kasser med bok er kome opp på turane. Informasjon om turane finn du på heimesida vår: dovrehistorielag.no Stiene er og lagt inn på Rett i Kartet.

Klokkarhaugen: Vi har solgt alt inventar for kr 10000, og sagt opp avtala med Dovre kommune frå 1. august 2018

Asbjørn Amble var redaktør for “Dovrebygde 2018”, stor takk til Asbjørn for det. Oppfordrar alle til å koma med stoff/bilder til boka for 2019.

25. desember fekk vi den triste beskjed at Hans Rudiløkken døde pga sjukdom.